



To friidrettsprofilar i Uskedalen i dag: Stine og far Jostein Saghaug. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Interessa for friidrett er i merkbar auke både i Uskedalen og Kvinnherad. Dette vil no friidretts- og skigruppa i vårt lokale idrettslag ta konsekvensen av og inviterer til dommarkurs ein gong i januar. Det opplyser leiar Ole Vidar Monsen til uskedalen.no

No har laget ingen dommarar og treng ein stab på 4-5 for å avvikla til dømes eit seriestemne.

- Hordaland Friidrettskrets skal hjelpa oss igang og stillar opp med ein person som lærar på dommarkurset. Men dei krev at det minst er 8 deltakarar for at vi skal få igang eitt kurs og difor har vi innleia eit samarbeid med idrettslaget i Herøysund om dette tiltaket, fortel Monsen.

Dette blir eit reint teorikurs som legg grunnlaget for det som forhåpentleg skal skje på Heio til sommaren. Den nedre aldersgrense for å bli friidrettsdommar er 15 år, men Monsen ser gjerne at det er foreldre med barn ned til 3.-5. klasse som melder seg som interesserte.

Dei kan ta kontakt med Jostein Saghaug på 941 98981 eller Monsen på 977 05261. Idrettslaget i Uskedalen har gode tradisjonar i friidrett som no kan bli vekt til live att.

Av Ola Matti Mathisen



Ole Vidar Monsen, her i rolla som initiativtakar og leiar for Solfjell opp sist sommar. (Foto: Ola Matti Mathisen)